

## Møtereferat

**Møteleiar:** Paal Fosdal  
**Referent:** Inger Karin Slinde

**Dato:** 26.10.16  
**Tid:** Kl. 10.00-11.30  
**Møtestad:** Fylkeshuset, møterommet Åskora

## Deltakarar

Både fylkeshovudtillitsvalde og tillitsvalde i sentraladministrasjonen var kalla inn til dette møtet.

**Frå arbeidstakarorganisasjonane:** Utdanningsforbundet v/Hilde Kvamsås Aa  
 Delta og Parat v/Elin Schei Stuhaug  
 Delta v/ Guro Høyvik (lokal tillitsvald)  
 Forskerforbundet v/Sigrun Espe  
 Naturviterne v/ Torbjørn Hasund (lokal tillitsvald)

**Forfall:** Utdanningsforbundet v/Alf Reidar Myrstad  
 Den norske tannlegeforening v/Øystein Sivertsen  
 Fagforbundet v/Svein Torbjørn Sandvold  
 Naturviterne v/Jarl Henrik Devik  
 Skolenes Landsforbund v/Erna Hamrum  
 Skuleleiarforbundet v/Sonja Svortevik Hestetun  
 Norges Juristforbund v/Ina Therese Aarnes Sørfonden  
 Norsk Lektorlag v/Aud Sissel Hestenes  
 Bibliotekarforbundet v/Ingrid Dræge  
 Econa v/Audun Erik Gisle Sunde  
 Tekna v/Lena Merete Sørderholm  
 NITO v/Svein Hauge  
 Parat v/Gunn Peggy Svensøy (lokal tillitsvald)

**Frå arbeidsgjevar** Tore Eriksen, fylkesrådmann  
 Paal Fosdal, ass. fylkesrådmann  
 Inger Karin Slinde, rådgjevar

## Drøftingsmøte etter hovudavtalen kapittel 1-4-1

Fylkesrådmannen ønska velkommen til møtet.

### Dagsorden

1. Utlysing av stilling som rådgjevar for fylkesordføraren.  
 Sakstilfang: Notat og utlysingstekst sendt tillitsvalde via e-post 19.10.16.

Fylkesrådmannen informerte om

- a) bakgrunnen for dette møtet
- b) historia bak stillinga som rådgjevar for fylkesordføraren
- c) prosessen med den politiske leiinga og bakgrunn for at stillinga ikkje vart drøfta med dei tillitsvalde i forkant av politisk handsaming.
- d) Prosessen vidare og innhaldet i utlysingsteksten.

På bakgrunn av informasjonen frå arbeidsgjevar og drøftinga med dei tillitsvalde, einast partane om følgjande:

- 1) Fylkesrådmannen burde ha informert om prosessen og varsla dei tillitsvalde om at denne saka ville bli lagt fram for politisk handsaming i FU og FT i oktober.
- 2) Det var i forkant av politisk handsaming ikkje mogleg å gjennomføre drøftingar med dei tillitsvalde. Dette skuldast både mangel på tid og uvissa omkring organiseringa av funksjonen/stillinga. Det var ut frå dette semje om at drøftinga – i dette tilfelle – måtte gjennomførast etter at FU/FT hadde handsama den aktuelle saka.
- 3) Framlegg til utlysingstekst vert annonsert slik den ligg føre, med små redaksjonelle endringar. Korrigert utlysingstekst følgjer som vedlegg til referatet.

Møtet slutt.